



Arkivnr: 2015/5589-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 5/2016 i møte 9.3.16:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Følgje opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvals-sakene 222/07 og 200/11.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.
3. Utarbeide rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av vedtak.
5. Utarbeide retningslinjer for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.
6. Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.5.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplanen skal leggjast fram til realitetsbehandling i utval for kultur, idrett og regional utvikling.»

Handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over vart handsama i kontrollutvalet i møte 8.9.16 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania.*

2. På bakgrunn av at tiltak som gjeld punkt 6 i vedtaket skal vera ferdig i august 2016 ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.10.2016.

Kontrollutvalet handsama status i høve oppfølging av denne forvaltningsrevisjon i møte 20.10.16 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet registrerer at frist for å få gjennomført tiltak på punkt 6 i høve forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania, er utsett til november 2016.
2. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg status på dette punktet innan 1.12.2016.

Drøfting:

Ny status frå fylkesrådmannen dagsett 29.11.2016 i høve forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania er motteke og ligg ved saka. Av tilbakemeldinga går det fram at det no er sett i verk tiltak som dekker punkt 6 i vedtaket frå fylkestinget 9.3.2016 og sekretariatet meiner med det at kontrollutvalet bør seie seg nøgd med det arbeidet som er gjort.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania og at ein med det seier seg ferdig med saka.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Angående forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania - Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar
- 2 Vedlegg 1: Habilitetsskjema
- 3 Vedlegg 2: Orientering om bruk av habilitetsskjema